

Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune

Heimel: Fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet 3. oktober 2022 med heimel i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsettjng og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) §§ 13 og 17, jf. delegeringsvedtak 30. august 2019 nr. 1096 og lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 3-1 tredje ledd, jf. delegeringsvedtak 30. august 2019 nr. 1096.

§ 1. Verkeområde

Forskrifta regulerer gjennomføringa av delinga av Ålesund kommune. Ålesund kommune blir delt med verknad frå 1. januar 2024 i samsvar med vedtak frå Stortinget 14. juni 2022.

I forskrifta blir «noverande Ålesund kommune» brukt om kommunen som tredde i kraft 1. januar 2020 og som eksisterer fram til 31. desember 2023, jf. § 5.

I forskrifta blir «nye Ålesund kommune» og «Haram kommune» brukt om dei to nye kommunane som blir konstituerte innan utgangen av oktober 2023 og som trer i kraft 1. januar 2024, jf. § 4.

§ 2. Kommunenamn

Namna på dei to nye kommunane skal vere Ålesund kommune og Haram kommune.

§ 3. Tal på medlemer i dei nye kommunestyra

Kommunestyret i nye Ålesund kommune skal ha 47 medlemer, inntil kommunestyret eventuelt fastset noko anna i medhald av kommuneloven § 5-5 andre og fjerde ledd.

Kommunestyret i Haram kommune skal ha 27 medlemer, inntil kommunestyret eventuelt fastset noko anna i medhald av kommuneloven § 5-5 andre og fjerde ledd.

§ 4. Innkalling til konstituerande møte

Ordførar i noverande Ålesund kommune kallar inn til konstituerande møte i dei to nyvalde kommunestyra innan utgangen av oktober 2023. Ordførar skal også leie dei konstituerande møta inntil ordførarar i nye Ålesund kommune og Haram kommune er valde. Elles gjeld reglane i kommuneloven § 7-1 første til fjerde ledd om konstituerande møte i nytt kommunestyre.

§ 5. Funksjonsperiode og fullmakter

Funksjonsperioden til kommunestyret i noverande Ålesund kommune blir forlengd, og varar til og med 31. desember 2023. Kommunestyret i noverande Ålesund kommune sitt ansvar og fullmakter blir avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i noverande Ålesund kommune frå tidspunkta dei nyvalde kommunestyra i nye Ålesund kommune og Haram kommune er konstituerte.

§ 6. Tilsetjing av kommunedirektør og anna nøkkelpersonell

Kommunestyret i noverande Ålesund kommune kan tilsetje kommunedirektørar for nye Ålesund kommune og Haram kommune. Denne kompetansen kan delegerast til andre folkevalde organ.

Noverande Ålesund kommune kan tilsetje anna nøkkelpersonell for nye Ålesund kommune og Haram kommune.

§ 7. Val av revisor og sekretariat for kontrollutval

Kommunestyret i noverande Ålesund kommune vel sjølv revisor etter kommuneloven § 24-1 første og andre ledd og sekretariat for kontrollutval etter kommuneloven § 23-7 sjette ledd for nye Ålesund kommune og Haram kommune. Vedtaka blir fatta etter innstilling frå kontrollutvalet i noverande Ålesund kommune.

§ 8. Verksemどoverdraging

Reglane om verksemどoverdraging i lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) kapittel 16 gjeld ved delinga av noverande Ålesund kommune.

§ 9. Inngåing av nødvendige avtaler

For å gjennomføre vedtaket om deling kan noverande Ålesund kommune inngå nødvendige avtaler på vegner av nye Ålesund kommune og Haram kommune. Nødvendige avtaler er avtaler om høve som må vere på plass når dei nye kommunane trer i kraft 1. januar 2024. Etter det konstituerande møtet ligg denne avtalekompetansen til det nye kommunestyret, jf. § 5.

§ 10. Interkommunale samarbeid

For å gjennomføre vedtaket om deling kan kommunestyret i noverande Ålesund kommune sjølv etablere nye nødvendige interkommunale samarbeid på vegner av nye Ålesund kommune og Haram kommune, jf. kommuneloven § 17-1 andre ledd. Nødvendige interkommunale samarbeid er samarbeid om høve som må vere på plass når dei nye kommunane trer i kraft 1. januar 2024. Etter det konstituerande møtet ligg denne kompetansen til det nye kommunestyret, jf. § 5.

Kommunestyret i noverande Ålesund kommune kan sjølv vedta endringar i samarbeids- og selskapsavtaler for gjeldande interkommunale samarbeid på vegner av nye Ålesund kommune og Haram kommune, som viser ny eigar- og ansvarsfordeling med verknad frå 1. januar 2024.

§ 11. Parlamentarisk styreform

Dei nye kommunestyra kan i det konstituerande møtet sjølv gjere vedtak om parlamentarisk styreform med minst 2/3 fleirtal av røystene i tråd med kommuneloven § 10-1 første ledd. Det blir gjort unntak frå kravet om føregåande handsaming i kommuneloven § 10-1 andre ledd.

§ 12. Vedtekter og forskrifter

Vedtekter og forskrifter som gjeld i noverande Ålesund kommune skal framleis gjelde for vedkomande område inntil nye lokale vedtekter og forskrifter er fastsette av nye Ålesund kommune

og Haram kommune, jf. inndelingslova § 13 første ledd. Frist for fastsetjing av nye vedtekter og forskrifter er 1. januar 2025.

§ 13. Kommunale planar mv.

Kommunal planstrategi etter lov 27. juni nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) kapittel 10 og kommuneplan etter kapittel 11 skal framleis gjelde inntil nye Ålesund kommune og Haram kommune vedtar nye planstrategiar og kommuneplanar. Kommunedelplanar etter plan- og bygningsloven kapittel 11 skal framleis gjelde inntil dei blir oppheva eller nye Ålesund kommune og Haram kommune vedtar nye planar for dei aktuelle områda eller temaa.

Reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven kapittel 12 skal framleis gjelde inntil dei blir oppheva, jf. inndelingslova § 13 tredje ledd.

§ 14. Økonomiplan og årsbudsjett

Noverande Ålesund kommune skal gjere det førebuande arbeidet med nye Ålesund kommune og Haram kommune sine økonomiplanar for 2024-2027 og årsbudsjett for 2024.

Formannskapet, eventuelt kommunerådet, i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal innstille til vedtak etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd første og tredje punktum. Noverande Ålesund kommune skal offentleggjere innstillingane etter kommuneloven § 14-3 fjerde ledd første punktum.

Kommunestyret i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sjølv vedta økonomiplanen for 2024-2027 og årsbudsjettet for 2024 etter kommuneloven § 14-3 første ledd.

§ 15. Førebels fordeling av eidealar, gjeld og eigenkapital

Kommunestyret i neverande Ålesund kommune fastset sjølv ei førebels fordeling av bokførte eidealar, gjeld og eigenkapital frå neverande Ålesund kommune til nye Ålesund kommune og Haram kommune, som skal vere utgangspunktet for utarbeidninga av økonomiplanen for 2024-2027 og årsbudsjettet for 2024.

Kommunestyret i neverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye kommunane som skal vareta at betalingsplikter for neverande Ålesund kommune som ikkje er betalt innan 31. desember 2023, eller som kjem til frå 1. januar 2024, blir dekt.

§ 16. Årsrekneskap og årsmeldingar for neverande kommune

Kommunestyret i neverande Ålesund kommune fastset sjølv kven av dei nye kommunane som skal utarbeide og leggje fram årsrekneskapane og gi årsmeldingane for 2023 til neverande Ålesund kommune etter kommuneloven § 14-6 og § 14-7.

Formannskapet, eventuelt kommunerådet, i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal innstille til vedtak etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd første og tredje punktum. Kontrollutvalet i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal uttale seg før innstillinga etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd andre punktum.

Kommunestyret i nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sjølv vedta årsrekneskapane og årsmeldingane for 2023 etter kommuneloven § 14-3 andre ledd.

Nye Ålesund kommune og Haram kommune skal sende årsrekneskapane og årsmeldingane til departementet etter kommuneloven § 14-3 femte ledd.

Kommunestyret i noverande Ålesund kommune vel sjølv rekneskapsrevisor for årsrekneskapane og årsmeldingane for 2023 og den forenkla etterlevingskontrollen etter kommuneloven § 24-9 med frist 30. juni 2024.

§ 17. *Eigedomsskatt*

Lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 13 første ledd første punktum om at skatten ikkje må vere større enn kr 1 av kvart kr 1 000 av takstverdet første året det blir utskrive eigedomsskatt i ein kommune, gjeld ikkje for nye Ålesund kommune og Haram kommune etter delinga.

Eigedomsskattelova § 14 andre ledd tredje og fjerde punktum om frist til innan utgangen av juni for allmenn taksering og utskriving av eigedomsskatt gjeld for nye Ålesund kommune og Haram kommune det første året etter delinga.

§ 18. *Dokumentforvalting og arkivansvar*

Noverande Ålesund kommune skal, etter samråd med Riksarkivaren, fastsetje korleis historiske og aktive arkiv skal handterast ved delinga, medrekna fordeling av ansvar og oppgåver for dei ulike arkiva og arkivdelane. Arkivfaglege omsyn skal sikrast. Kommunen skal dokumentere prosessen.

§ 19. *Kommunevåpen og kommuneflagg*

Kommunestyret i noverande Ålesund kommune kan sjølv gjere vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg for nye Ålesund kommune og Haram kommune, jf. kommuneloven § 3-2.

§ 20. *Forliksråd*

Forliksråd for dei nye kommunane blir valt på vanleg måte, jf. domstolloven § 57, med verknad i fire år frå 1. januar 2025.

I perioden frå 1. januar 2024 til 31. desember 2024 blir det gjort unntak frå domstolloven § 27 første ledd, som pålegg ein kommune å ha eit forliksråd. Felles forliksråd for Ålesund, Fjord og Giske kommunar, med medlemer og varamedlemer valde for perioden 1. januar 2020 til 31. desember 2024, vil vere i verksemd for nye Ålesund kommune og Haram kommune ut perioden.

§ 21. *Iverksetjing*

Forskrifta blir sett i kraft straks.